



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/15885-STT

Dato

19.10.2022

Dato: 27.10.22 kl. 10.15 – 11.30

Sted: Sydneplassen 12/13, seminarrom 1. etasje

Til: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Gunnar Karlsen, Hans Marius Hansteen, Julie Zahle, Kirsten Bang, Marilu Papandreou, Axel Leegaard, Johan Ulla, Vivian Steinsund

Innkalling til instituttrådsmøte 27.10.22

I Godkjenning av innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Referat frå sist fakultetsstyremøte
- Referat frå sist møte i Utdanningsutvalget
- Val av verneombod for perioden 2023-2024
- Tildeling av midlar innanfor ramma av UiB sin Humaniorastrategi
- Nytilsette i stillingar som førsteamanuensis
- Intern høyring: Forskningsrådets plan for rekruttering til forskning og tidleg karriere
[Høyring - NFR - Plan for rekruttering og tidlig karriere](#)
- Høyring: Kunnskapsdepartementet: Studieavgift for studenter fra land utenfor EØS-området eller Sveits mm. – endringer i Universitets- og høyskoleloven
[Høyring - KMD - Studieavgift for studenter utenfor EØS-området](#)
- Høyring: UHR: Innspill til veileder om deling av digitale læringsressurser
[UHR - Veileder om digitale læringsressurser](#)

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydneplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

- Redesign av lektorutdanninga
[Redesign av lektorutdanninga | Lektorsenteret | UiB](#)

III Vedtakssaker

16-2022 Oppfølging av «Handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelse ved Det humanistiske fakultet»

17-2022 Tilsetning i professor II-stilling knytt til utviklingsprosjekt i «Philosophy, Politics and Economics»

18-2022 Utlysning og tilsetning i ny postdoktor-stilling

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Instituttrådet

Referanse

2022/15885-STT

Dato

20.10.2022

II Orienteringssaker

Vedlagt finn ein sakspapir til (nokre av) av orienteringssakene til instituttrådet sitt møte den 27. oktober.

Vi tar atterhald om at det kan bli ettersendt materiale til nokre av sakene.

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
Telefaks 55 58 96 51

post@fof.uib.no

Postadresse

Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse

Sydnesplass 12-13
Bergen

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Undervisningsutvalget for fagstudiet

21.10.2022

Dato og tid: 6.10.2022, kl. 10:15 – 12:00

Til stades: Jesse Tomalty, Franz Knappik, Torfinn Huvenes, Ståle Melve, Erlend H Moe

Referat frå møte i Undervisningsutvalet for fagstudiet 6.10.2022

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader til innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Referat frå møtee i Studiestyret (5.10.22)

Tomalty gjekk gjennom dei sakene som var av interesse for oss:

- *BAHF-RET er no endeleg vedtatt nedlagt. Hadde sitt siste opptak H22. Studieplassane er reallokert til eit knippe BA-program ved HF. BAHF-FILO har fått 4 av desse plassane.*
- *BA/MA-avslutningsseremoni: me må bli flinkare til å få info ut lokalt for å sikre tilstedeværing.*
- *SHoT-undersøkinga har avdekka at det står dårleg til med den psykiske helsa til våre HF-studentar. Det vil garantert vere fokus på dette framover, og UFF bør i tida som kjem så på kva tiltak me kan fatte på instituttnivå.*

III Drøtting- og vedtakssaker

6-22 Slutføring av undervisningsplanlegginga V2023

Dette var ei oppfølging av saka i UFF sit augustmøte. Me manglar framleis nokre få førelesarar/seminarleiingar, og dei følgjande blir føreslått av UFF:

DIDAHUM2: Johannes Servan

LOG111/311: Tore Øgaard

LOG112: Torfinn Huvenes

FIL344: David Vogt og Hans Marius Hansteen, Hallvard Fossheim, Espen Gamlund

Vedtak

UFF vedtar justeringane for DIDAHUM2, LOG111/311 og LOG112. Kva gjeld FIL344 så vil Tomalty her i samråd med Steinar Bøyum i nær framtid avgjerde undervisar.

7-22 Planlegging - eksternfagfelle besøk

Vår eksterne fagfelle Elisabeth Schellekens Dammann kjem på besøk 7.-9.11.2022. Tomalty har utforma forslag til program som inkluderer m.a. møte med UFF, møte med studentrepresentantar, møte med instituttleiinga osv.

UFF såg gjennom forslaget til program og gjorde nokre små justeringar.

Vedtak

UFF vedtar det justerte programmet til fagfellebesøk.

IV Drøftingssaker

- Kvarandrevurdering seminar på 200-nivå

For våren 2024 vil FIL236 (miljøetikk) inkludere eit ekstra seminar der studentane skal utføre kvarandrevurdering under rettleiing av faglærar. Dette er tenkt som eit tiltak for å auke tilbakemeldingar til studentane på ein måte som er lite ressurskrevjande. Me har no reintrodusert utkast og rettleiing som arbeidskrav på 300-nivå. Er varianten for 236 noko som bør føreslåast for andre emne med semesteroppgåve som vurderingsform på 200-nivå? UFF diskuterte dagens ordning med rettleiings-pott til frivillig rettleiing og var einige om at den fungerer noko suboptimalt.

Problemet med dagens ordning synest å vere at studentane i all hovudsak ikkje benyttar seg av den frivillige rettleiinga. I så måte fungerer ikkje dagens ordning, og undervisningstilbudet til studentane er langt under pari.

UFF var vidare einige om at den beste løysinga i ei «ressurs-ideal» verd ville vere å få tilbake 2 veker undervisning. All den tid det er noko urealistisk konkluderte UFF med at det beste alternativet er 10 veker undervisning med obligatorisk utkast og oppmøte/kommentering på peer-review-seminar (naturlegvis gitt at aktuelle faglærar er med på dette).

Som «pre-pilot» vil UFF føreslå at FIL245 – Språkfilosofi får denne varianten på plass til haustsemesteret 2023. UFF kjem attende til dette før neste emneplansendingsfrist i februar 2023.

V Eventuelt

- Erlend H Moe blei formelt konstituert som utvals-medlem
 - Neste møte blei fastsatt til å finne stad 18.11 (mot planlagt 20.11)
-

Jesse Tomalty
utvalsleiar

Ståle Melve
sekretær

VERNEOMBOD FOR PERIODEN 2023-2024

Ved utløpet av fristen hadde det kome eitt framlegg til verneombod/varaverneombod for FoF sitt verneområde for perioden 2023-2024:

- Verneombod: Hans Marius Hansteen
- Varaverneombod: Kirsten Bang

I følgje reglementet er desse då å oppfatte som valde.

Val av lokale verneombod for 2023-24 er meldt HR-avdelinga, også i følgje reglementet.

TILDELING AV MIDLAR INNANFOR RAMMA AV UIB SIN HUMANIORASTRATEGI

FoF har fått tildelt midlar til «forprosjekter og faglig pilotarbeid» innanfor ramma av UiB sin Humaniorastrategi 2018-2022. Vi har fått tildelt 655 000 for å utvikle nytt studieprogram i «Philosophy, Politics and Economics».

Tildelinga er rett nok med atterhald om Universitetsstyret sin endelege sanksjon, men det er meir ein formalitet i dette tilfellet.

NYTILSETTE I STILLINGAR SOM FØRSTEAMANUENSIS

I fakultetsstyret 25. oktober blei Lukas Skiba og Stefan Riedener tilsett som førsteamanuensar i henholdsvis teoretisk filosofi og praktisk filioisofi. Kortfatta informasjon om dei to nytilsette finn ein her:

[Stefan Riedener](#)

[Lukas Skiba](#)

Vi reknar med at begge vil vere på plass før undervisningsåret 2023/24, mest sannsynleg august 2023.



Universitetsmuseet
Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet
Det medisinske fakultet
Det humanistiske fakultet
Det juridiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Universitetsbiblioteket
Fakultet for kunst, musikk og design

Organisasjonane

Referanse

2022/15272-SOD

Dato

17.10.2022

Intern høyring - Forskningsrådets plan for rekruttering til forskning og tidleg karriere

Vi viser til vedlagde dokument som gjeld som gjelder skriftleg høyring på Forskningsrådets plan for rekruttering og tidleg karriere.

Forskningsrådet seier følgjande om planen og om forholdet mellom Forskningsrådets plan og institusjonane sitt ansvar for rekruttering og karriereløp:

«Plan for rekruttering omfatter Forskningsrådets totale innsats innenfor rekruttering og tidlig karriere. Rekruttering er ett av fem områder som sorterer under Styret og omfatter alle Forskningsrådets virkemidler for rekruttering fra barn og unge til tidlig karriere, og doktorgrads- og postdoktornivå i særdeleshet. Den omfatter i tillegg de mest sentrale EU-virkemidlene med relevans for rekruttering. Porteføljen omfatter alle fag og tema, med særlig vekt på nasjonalt prioriterte områder.»

Hovedansvaret for rekruttering og karriereløp ligger hos forskningsinstitusjonene som tilsettingsmyndighet og arbeidsgiver. Retten til å tildele doktorgraden ligger til universiteter og høyskoler, men forskerkvalifisering skjer også ved mange andre institusjoner; i institutter, helseforetak, i næringslivet og i offentlig sektor. Forskningsrådet skal understøtte institusjonenes arbeid ved å finansiere stipendiater og forskere i prosjekter som er kontraktsfestet med institusjonene. Forskningsrådet har samtidig et ansvar for å bidra til at samfunnet som helhet har kompetansen som er nødvendig for å løse utfordringene vi står overfor, blant annet innen velferd, bærekraft og omstilling av næringsliv.

Tiltakene i denne planen viser hvordan Forskningsrådet med sine virkemidler stimulerer til å nå overordnede nasjonale mål».

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Forskningsrådet baserer planen på måla i den overordna strategien sin og opererer med «Samfunnsmål» og «Brukarmål», høvesvis fire og sju i talet. Samfunnsmåla er sett for å bidra til at samfunnet som heile har den kompetansen som er naudsynt for å løyse utfordringar, medan brukarmåla skal understøtte institusjonane sitt arbeid ved å finansiere stipendiat- og forskarstillingar i prosjekt.

Fakulteta og organisasjonane vert inviterte til å kome med innspel på heile planen, både dei overordna rammene og føringane som vert lagde for planen og dei konkrete prioriteringane og tiltaka i slutten av plandokumentet. Universitetsleiinga ønskjer særleg tilbakemelding på korleis høyringsinstansane vurderer forholdet mellom dei rammene Forskningsrådet ser for å knyte aktiviteten sin opp omkring og dei direkte og indirekte konsekvensane dette kan ha for institusjonane sin autonomi og ansvar for ph.d.-utdanning, for rekruttering og for karriereløp og -utvikling?

Det vert lagt opp til følgjande høyringsprosess internt ved universitetet:

Forskingsutval: 20.oktober

Fakulteta og organisasjonane sin høyringsfrist: 1.november

Høyringsutkast vert drøfta i dekangruppa: 14.november

Høyringsutkast vert drøfta i Forhandlingsutvalet: 16.november

Høyringsfrist NFR: 28.november

Venleg helsing

Sonja Irene Dyrkorn
HR-direktør



III 2022-16 Oppfølging av "Handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelser ved Det humanistiske fakultet"

Dokument:

- «Handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelser ved Det humanistiske fakultet» (fakultetsstyresak 30/22)
- Ressurssituasjon og bruk av mellombels personell ved Examen philosophicum – notat

Saksforelegg:

I mars 2022 vedtok Universitetsstyret at alle fakulteta skulle utarbeide tiltaksplanar for å redusere bruken av midlertidig arbeidskraft i den komande treårsperioden. Bakgrunnen for dette var bl.a. departementet si oppfatning av at det ikkje er tungtvegande grunnar for at bruken av midlertidige stillingar i UH-sektoren skal vere større enn i offentlig sektor elles (ca. 8 %).

Det humanistiske fakultet sin handlingsplan blei vedteke av fakultetsstyret i juni 2022. Her kan ein m.a. lese at «...enhetene er ansvarlige for å sikre at det er samsvar mellom undervisningstilbudet og tilgangen til undervisningsressurser i form av fast ansatte med undervisning i stillingen». Vidare blir det fastslått at dette må skje i løpet av ein toårsperiode. I 2023 er målalet såleis sett til 10,5 %, før det etter planen skal oppnåast fullt og heilt i 2024, med 8 %.

FoF har dei siste åra lagt under målalet på 8 % når ein kalkulerer den gjennomsnittlege prosenten for heile kalenderåret. I 2021 var det faktisk så lågt som 5,65 %. Departementet (og dermed også universiteta) tar imidlertid utgangspunkt i eit spesifikt teljetidspunkt (1. oktober) når dei måler dette. Dette slår svært uheldig ut for oss. Dei siste åra har vi lagt på 13 – 15 % når utgangspunktet er 1. oktober som teljetidspunkt.

Vi kan utan vidare slå fast at vi er minst ein stilling i manko ved Examen philosophicum allereie i 2023. Om det er behov for fleire stillingar enn dette i åra som kjem må vere gjenstand for ei grundigare vurdering i tida som kjem. Bl.a. treng vi vite meir om usikre

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

faktorar som eventuell innfasing av PPE-program og utviklinga på lektorprogrammet (ei flytting av Exphil der vil ha store konsekvensar). Dette er faktorar som vi kan håpe er avklart det neste halvåret, og det er naturleg å vente med ein meir spesifikk tiltaksplan til dette er avklart.

Framlegg til vedtak:

- 1) *Stilling som Universitetslektor/førstelektor ved Examen philosophicum blir foreslått lyst ut i 2023, med sikte på tilsetjing (seinast) i august 2024. Stillinga bør knytast opp mot dei nyutvikla Exphil-variantane ved MN-fakultetet og/eller Juridisk fakultet.*
- 2) *Tiltaksplan for å redusere bruken av mellombels arbeidskraft ved FoF blir lagt fram på eit seinare tidspunkt.*

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

RESSURSSITUASJON OG BRUK AV MELLOMBELS PERSONELL VED EXAMEN PHILOSOPHICUM

I åra som kjem disponerer FoF ca. 23 000 timar frå den faste staben til undervisning ved Examen philosophicum. I utgangspunktet skulle ein kanskje tru at dette var tilstrekkeleg, all den tid eit Examen philosophicum-kurs no, etter dei siste justeringane, har eit timevolum på 155 timar. Realiteten er likevel at det er nokså langt frå å vere tilstrekkeleg. Dette blir understreka av at vi også dei siste åra, etter fleire effektiviseringstiltak ved Exphil, har brukt vesentlege beløp på å hyre inn mellombels arbeidskraft til å stå for deler av undervisninga. Forklaringa på at det er mangelfullt er at talet på 23 000 er eit «brutto»-tal som ikkje tar høgde for det faktum at ein svært stor del av timane forsvinn til ting som ikkje er direkte relatert til undervisninga ved Examen philosophicum. Dei viktigaste av desse er:

- Forsknings-/FoU-permisjonar: Ca. 2 500 timar pr. år
- Verv/komitéarbeid o.l.: Ca. 750 timar pr. år
- (Urefundert) sjukefråvær o.l.: Ca. 750 timar pr. år
- Utviklingsarbeid o.l.: Ca. 500 timar pr. år.
- Frikjøp til undervisning ved filosofistudiene: Ca. 1 500 timar pr. år

I sum blir dette 6 000 timar, og dermed kan vi slutte oss til at det meir realistiske «netto-talet» er på **17 000 timar**. I realiteten er det reelt disponible netto-talet endå lågare fordi ein her ikkje kalkulerer inn langsiktig sjukefråvær, foreldrepermisjonar og ulike frikjøpsordningar som gir økonomisk kompensasjon, men denne typen fråvær oppfatar vi her som mindre problematisk.

Det siste punktet står i ein særstilling, ettersom desse timane blir økonomisk kompensert og dermed ikkje er noko ressursmessig problem for Examen philosophicum-rekneskapen. Målsetjinga i åra som kjem må likevel vere at bruk av Exphil-personell ved filosofistudiene *ikkje* slår over i illegitim bruk av mellombels arbeidskraft ved Exphil.

Talet på 17 000 timar er det vi disponerer frå den fast tilsette staben. I tillegg kjem stipendiatane og postdoktorane sitt pliktarbeid. I åra som kjem kan vi rekne med gjennomsnittleg ca. 1 000 timar pr. år frå denne gruppa, men med store variasjonar frå år til år.

I sum er det dermed rimeleg å anta at det disponible nettotalet dei neste åra er på ca. **18 000 timar**. Spørsmålet blir då korleis dette står seg mot det ventelege undervisningsvolumet i året som kjem. I skrivande stund er det rimeleg å anta at dette vil ligge mellom 110 og 115 kurseiningar, men det skal lite til før det passerer 115. Vesentleg mindre sannsynleg er det at det vil gå under 105, i så fall må det skje større strukturelle endringar i Examen philosophicum-opplegget til UiB.

I tabellen nedanfor ser vi korleis kursvolum og ressursbruk (målt i timetal) gir seg utslag. Vi kan slutte oss til at personalstabane vi rår over i dag er dimensjonert for eit volum på litt i underkant av 100 kurseiningar og at eit kursvolum på 115 indikerer ein manko på to fulle lektorstillinger og litt meir.

KURSVOLUM OG RESSURSBRUK - EXPHIL		
Kurs	Timetal	Differanse
95	16 725	275
100	17 500	-500
105	18 275	-1 275
110	19 050	-2 050
115	19 825	-2 825
120	20 600	-3 600
125	21 375	-4 375

Det må understrekest at vesentlege endringar av student-tala på filosofistudiene, i den eine eller den andre leia, i nokon grad kan forstyrre biletet som her er teikna.

Arkivsaksnr.: 2018/3065
Dokumentdato: 02.06.2022

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 30/22
Møtedato: 21.06.2022

Handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelser ved Det humanistiske fakultet

Dokumenter

1. Brev fra HR avdelingen til fakultetene etter styrevedtak 10. mars 2022
2. Styresak HF 18/18, 20. mars 2018
3. Styresak HF 26/21, 23. mars 2021
4. Presentasjon til fakultetsstyret 23. mars 2022
5. Tiltaksplan og måltall

Bakgrunn

Alle fakulteter ved Universitetet i Bergen har etter universitetsstyrets vedtak i mars 2022 fått i oppgave å utarbeide en handlingsplan for reduksjon av midlertidig ansettelser.

Universitetsstyret gjorde følgende vedtak:

1. Universitetsstyret vedtar at fakultetene skal igangsette arbeidet med nye tiltaksplaner for fortsatt reduksjon i midlertidigheten i løpet av en 3 års periode.
2. Universitetsstyret ber om at handlingsplanene fremlegges for universitetsdirektøren innen utgangen av juni 2022.

HR-avdelingen har etter styrets vedtak skrevet til fakultetene (vedlegg 1) og bedt om at handlingsplanene oversendes innen 24. juni 2022. Det tallfestes ikke et spesifikt måltall for fakultetet som helhet, men fakultetene blir bedt om å «spesielt se på stillingskategorier hvor man i dag ligger høyere enn målsettingen i arbeidslivet ellers (ca. 8 %).»

Det humanistiske fakultet har hatt en handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelser siden 2018. Denne planen ble vedtatt av fakultetsstyret 20. mars 2018, og skulle gjelde ut 2021 (vedlegg 2, styresak 18/18). I styresak 26/21 (vedlegg 3) til fakultetsstyret 23. mars 2021 ble det gitt en analyse av utviklingen i perioden 2018 til og med 2020, basert på tall fra DBH. Gjennomgangen viste at vi hadde innfridd målene som var fastsatt i handlingsplanen. Analysen viste imidlertid også at det nominelle omfanget av midlertidighet var tilnærmet likt som før. Årsaken til at den relative midlertidigheten hadde blitt redusert var i hovedsak at antallet stillinger ved fakultetet som helhet hadde steget.

Følgende delmål inngikk i handlingsplanen som ble vedtatt i 2018:

1. Skape felles forståelse for målsetningen om reduksjon i bruk av midlertidige tilsetninger
2. Fast tilsetning skal være hovedregel for tilsetning i forskerstillinger
3. Fast tilsetning skal være hovedregel for tilsetning i tekniske stillinger
4. Alle administrative tilsetninger skal være faste
5. Fakultetet skal ha gode verktøy som legger til rette for at målene om redusert midlertidighet kan nås

Statsråden har uttalt at midlertidigheten i sektoren må reduseres ytterligere. Han har videre understreket at han ikke ser noen grunn til at midlertidigheten i vår sektor skal være høyere

enn i arbeidslivet ellers, det vil si rundt 8 %. Departementet følger opp disse signalene i sin styringsdialog med samtlige institusjoner i sektoren.

Det ble gitt en muntlig orientering til fakultetsstyret 23. mars 2022 (vedlegg 4) med en gjennomgang av utviklingen i bruk av midlertidighet for 2021 og den samlede utviklingen i perioden for handlingsplanen, 2018-2021. Konklusjonen var at bruk av midlertidighet var noe lavere i 2021 enn i 2020 og at trenden totalt sett for perioden 2018-2021 viser en nedgang i bruk av midlertidighet. Tallene viser samtidig at omfanget av midlertidighet i det vesentlige er uforandret, men en økning i antall stillinger totalt gjør som nevnt at den relative midlertidigheten har blitt redusert. For perioden 2017 til og med 2021 utgjør denne reduksjonen to prosent.

Vurdering av situasjonen

I saken som ble lagt fram for styret i mars 2021 gjøres det rede for et omfattende arbeid gjennom mange år for å redusere bruken av midlertidige ansettelser. Dette har definitivt gitt resultater, men de tiltakene som må gjennomføres for å oppfylle kravene fra statsråden krever helt nye og mer omfattende tiltak. Nye virkemidler må derfor rettes mot årsakene til bruk av midlertidighet og spesielt har virkning innenfor de stillingsgruppene hvor fakultetet har høyest midlertidighet.

Universitets- og høgskolesektoren skiller seg fra andre sektorer ved at midlertidighet for flere stillingskategorier både er naturlig og ønskelig. I denne kategorien utgjør rekrutteringsstillinger på åremål som stipendiater og postdoktorer en vesentlig andel. Det samme gjelder stillingsgruppene vitenskapelig assistent og instituttledere. Bistillinger med minst toårig ansettelse kan også være på åremål. Kategorien åremål anses i utgangspunktet ikke å inngå som såkalt «problematisk midlertidighet». Tiltakene i handlingsplanen vil derfor rette seg mot annen midlertidighet enn åremål. Analysene som ble gjort i 2021 og 2022 viser at HF har høyest uønsket midlertidighet innenfor undervisningsrelaterte oppgaver med ansettelser i stillingsgruppene universitetslektor, førstelektor og førsteamanuensis.

Analysene pekte også på hvordan flere fagmiljøer har påtatt seg undervisningsforpliktelser som ikke står i samsvar med tilgangen på undervisningsressurser i den faste staben som en viktig årsak bak uønsket bruk av midlertidige ansettelser. En slik differanse avhjelpes til en viss grad med pliktarbeid fra rekrutteringsstillinger og bistillinger, men dette vil sjelden være tilstrekkelig. Resultatet blir ofte både omfattende bruk av midlertidighet og at de fast ansatte underviser mer enn det undervisningsdelen av stillingene deres tilsier. De opparbeider seg derfor overskudd i arbeidstidsregnskapet som over tid er krevende å balansere med tilsvarende tid til forskning.

Det er ingenting i universitetsstyrets vedtak som tilsier at delmålene som inngikk i den forrige handlingsplanen ikke skal gjelde fortsatt. Fakultetet vil derfor forslå at de fem delmålene som inngikk i handlingsplanen fra 2018 til 2021 også skal inngå i den nye handlingsplanen. Punktet om tekniske stillinger er lite aktuelt ved HF, men anbefales likevel å inkluderes her.

Tiltak og virkemidler

Samsvar mellom fagenes undervisningsforpliktelser og faste stillinger

Enhetene er ansvarlige for å sikre at det er samsvar mellom undervisningstilbudet og tilgangen til undervisningsressurser i form av fast ansatte med undervisning i stillingen. Det vil derfor være en målsetning at alle fag innen to år skal ha samsvar mellom sine oppgaver/ undervisningsforpliktelser og de faste ressursene ved fagene. Dette er et tiltak som også vil ha stor betydning for arbeidshverdagen til samtlige vitenskapelige ansatte ved fakultetet. Det innebærer også at et framtidig studieporteføljeprojekt må ta høyde for å gjøre det enklere med intern inndekning ved kortsiktige behov.

Hovedregel om fritak inntil 20 % av undervisningsforpliktelsene

En annen vesentlig kilde til midlertidighet er knyttet til forskningsprosjekter med ekstern finansiering. Eksterne finansieringskilder bidrar med kompensasjonsmidler for ansatte som påtar seg oppgaver som prosjektleder eller som har forskningsoppgaver i prosjektene. Slik kompensasjon brukes i for stor grad til å gi fritak for undervisningsoppgaver for prosjektleder eller andre faste ansatte med oppgaver i eksterntfinansierte prosjekter. Reduksjon i undervisningsoppgaver oppleves av mange vitenskapelige ansatte som et viktig insentiv til å søke eksternt finansierte prosjekter. Samtidig kan fullt frikjøp fra undervisning øke risikoen for både omfattende og langvarig midlertidighet. Det er også viktig at studentene får mulighet til å møte de faste og erfarne underviserne i faget og ikke kun møter midlertidige ansatte. Selv om disse ofte er svært kompetente, fører også bruken av midlertidige undervisningsressurser til at undervisningstilbudet ikke alltid blir gitt av vitenskapelige ansatte med førstekompetanse. Det er problematisk av flere grunner, inkludert at det kan være i strid med studieforskriften.

Kompensasjon for tid som ansatte i delte stillinger bruker i prosjekter bør inkludere forskningstid i stillingen, og ikke kun undervisningstid. Dette vil føre til at prosjektet kompenserer den reelle arbeidstiden som legges i prosjektet, og vil dermed gi fakultet og enheter bedre økonomisk handlingsrom.

Forskuttering av faste ansettelse

Som ledd i arbeidet med å redusere midlertidighet bør enhetene, i samarbeid med fakultetet, vurdere forskuttering av faste ansettelse der det er mulig og ønskelig. Alle slike ansettelse må inngå i bemanningsplanen og skal legges frem for fakultetsstyret. Kompensasjon for prosjektdeltakelse og andre kompensasjoner fra eget universitet eller andre institusjoner kan være grunnlag for slik forskuttering. Forskuttering må gjelde ansettelse som inngår i vedtatt faglig bemanningsplan.

Bistillinger – minst toårige åremål

Bistillinger er en viktig ressurs for mange fag. Stillingsgruppen er spesifikt nevnt i forbindelse med kompensasjon for eksterntfinansiert prosjektdeltakelse og andre kompensasjonstilfeller i forslaget over. Bistillinger skal som hovedregel være minst toårige åremål.

Det foreslås at prosjektledere og andre faste ansatte som skal utføre forskningsoppgaver i prosjekter som hovedregel kun skal fritas for inntil 20 % av undervisningsdelen av stillingen i forbindelse med prosjektdeltakelse og at denne normalt skal erstattes av en bistilling. Med 20 % av undervisningsdelen menes det 20 % av en full stilling, dvs. nesten halvparten av den totale undervisningsdelen i stillingen på 46 %.

Rekrutteringsstillinger

God tilgang på kompensasjonsmidler gir også rom for å kunne gi ett fjerde år (pliktarbeid) for eksterntfinansierte rekrutteringsstillinger.

UiBs retningslinjer for midlertidighet og praksis ved HF

Universitetet har utarbeidet retningslinjer for midlertidige ansettelse. Retningslinjene samsvarer i stor grad med delmålene i den tidligere handlingsplanen, men inneholder ett viktig tillegg – nemlig at UiB ikke skal utnytte mulighetene for unntak fra lovens hovedregel om fast ansettelse. Dersom UiB og fakultetet utelukkende forholder seg til lov, forskrifter og retningslinjer, åpner disse for så store muligheter for midlertidige ansettelse at det i praksis vil være vanskelig å redusere både nominell og relativ midlertidighet. Ønsket om å redusere bruken av midlertidighet handler slik sett ikke bare om å holde oss innenfor loven eller å imøtekomme politiske krav og forventninger – dette handler også om hvilken arbeidsgiver vi ønsker å være og hvilket arbeidsmiljø vi ønsker å ha.

Ønsket om å være en god arbeidsgiver og å røkte gode arbeidsmiljø er årsaken til at HF over mange år har hatt en streng praksis for bruk av midlertidige ansettelse. Det kan likevel å være nødvendig å skjerpe praksisen ytterligere for å få en reell reduksjon av

midlertidigheten. Dette er et ansvar som ligger til både fakultet og grunnenhetene og tiltaket følger av den eksisterende handlingsplanens punkt 1. Det er ikke ført opp et eget nytt punkt om dette.

Revisjon av planen

Det arbeides nå med flere strategier og planer som har betydning for midlertidighet ved fakultetet. Først og fremst gjelder dette faglig bemanningsplan, rekrutteringsstrategi og planlagt arbeid med studieportefølje. Det kan derfor bli aktuelt å justere handlingsplanen i lys av andre planer og strategier. Oppfølging av utviklingen i bruk av midlertidige ansettelses vil bli gjort årlig og legges fram for fakultetsstyret.

Måltall

Handlingsplanen skal gjelde for tre år, dvs. 2022, 2023 og 2024. Det viktigste tiltaket i planen vurderes å være punktet om samsvar mellom fagenes undervisningsforpliktelser og fast bemanning. Dette er et tiltak som først vil virke sent i perioden og det vurderes å være mest riktig å legge den største reduksjonen av måltallene sent i perioden. Vedtatt handlingsplan vil ha begrenset effekt for innværende år. Det foreslås måltall slik:

År	2022	2023	2024
Måltall	12 %	10,5%	8%

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar handlingsplan for reduksjon av midlertidige ansettelses ved Det humanistiske fakultet for perioden 2022 til og med 2024, med de endringer som eventuelt fremkommer i møtet, og følgende måltall:

År	2022	2023	2024
Måltall	12 %	10,5%	8%

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/15885-STT

Dato

21.10.2022

III 2022-17 Tilsetting i professor II-stilling knytt til utviklingsprosjekt i "Philosophy, Politics and Economics"

Saksforelegg:

Instituttet har nyleg fått tildelt 655 000 i utviklingsmidlar knytt til UiB sin Humaniorastrategi (jf. orienteringssak). I søknaden er det sett av midlar til 20 % professor II-stilling for eit kalenderår. Etersom vi har fått tildelt heile søknadsbeløpet er det dermed tid for å tilsetje i denne stillinga.

Instituttleiinga ønskjer å tilsetje Christine Straehle i stillinga som professor II . Christine Straehle er professor i praktisk filosofi ved Universitat Hamburg, med fagleg tyngdepunkt i politisk filosofi og etikk. Fra 2019 har ho ogsa vore tilknytt Graduate School of Public and International Affairs ved University of Ottawa. I perioden 2016-17 var ho direktor/professor ved Centre for Philosophy, Politics and Economics ved Universitat Groningen. Det forskningsmessige hovudfokuset har dei siste ara vore migrasjonsetikk og sporsmal knytt til global rettferd. Ho har bl. a. vore redaktor av fleire antologiar, sist «The Political Philosophy of Refuge» (2019).

I ar har ho ogsa vore Key Note Speaker ved «Bergen Summer School» og har dessutan vore leiar for komiteen knytt til tilsetjinga av forsteamanuensis i praktisk filosofi ved FoF.

Instituttleiinga meiner at Christine Straehle har sarleg gode foresetnader og personlege eigenskapar for a bidra til utviklinga av eit nytt studieprogram i «Philosophy, Politics and Economics».

[Christine Straehle - personside ved Universitat Hamburg](#)

Framlegg til vedtak:

Instituttradet stotter framlegget om a tilsetje Professor Christine Straehle som professor II for perioden 01.01.23 – 31.12.23, med atterhald om fakultetets sanksjon.

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse
2022/15885-STT

Dato
21.10.2022

III 2022-18 Utlysning og tilsetting i postdoktorstilling

Saksforelegg:

I samband med nysatsinga på utviklinga av eit PPE-program har dekanatet tildelt instituttet ei ekstra postdoktorstilling av fakultetet sine strategiske rekrutteringsstillingar. Tanken er at denne stillinga skal støtte opp under utarbeidinga og driftinga av programmet dei første åra.

Stillinga skal lysast ut med politisk filosofi som kompetanseområde. I tillegg til postdoktorprosjektet må den aktuelle søkjaren også kunne bidra med utvikling av og eventuelt undervisning på PPE-program.

Framlegg til vedtak:

Instituttet utlyser postdoktorstilling i politisk filosofi knytt til utvikling av ein PPE-grad.

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

